

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Kåre Norberg
Arkivsaksnr.: 09/1442

Arkiv: 212

Rekneskapsrapport 1.tertial 2009. Budsjettendringar 2009. Økonomiske ramme for ny helse- og omsorgsplan

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret har ikkje merknader til rekneskapsrapport pr 1.tertial 2009.
2. Kommunestyret vedtek slike endringar i driftsbudsjettet for 2009:
 - a) Budsjettet skatt og rammetilskot vert auka med kr 600.000,-.
 - b) Andre inntekter – skjønstilskot barnehage vert auka med 2,0 mill kr.
 - c) Renteutgifter vert redusert med 5,6 mill kr.
 - d) Renteinntekter vert redusert med 3,4 mill kr.
 - e) Styrka barnehagetilbod, sped.ped haust 2009, vert redusert med kr 200.000,-.
 - f) Timetalsressurs grunnskule vår 2009 vert auka med kr 700.000,-.
 - g) Timetalsressurs grunnskule haust 2009 vert auka med 2,260 mill kr.
 - h) Ressurs SFO haust 2009 vert auka med kr 150.000,-.
 - i) Tiltak legestabilisering vert auka med kr 165.000,-.
 - j) Eigeomsavgifter vert auka med kr 500.000,-.
 - k) Vinst ved sal av konsesjonskraft vert redusert med 5,0 mill kr.
 - l) Inntektsført premiavvik i 2008 vert oppdekka i 2009. Auka løyving 7,151 mill kr.

Kommunestyret vedtek slik inndekning:

m) Bruk av rekneskapsoverskot 2008	kr 7.479.900,-
n) Generell reduksjon i drift av grunnskule	kr 1.000.000,-
o) Forbruk av bufferfond konsesjonskraftvinst	kr 1.000.000,-
p) Bruk av disposisjonsfond	kr 446.000,-.

Kommunestyret vedtek at rekneskapsoverskot investeringar 2008 - kr 398.721 - inngår i finansieringsgrunnlaget for investeringane i 2009. Låneopptaket vert tilsvarende redusert.

3. Kommunestyret vedtek av investeringsprosjektet Krekavegen vert tilført 1,9 mill kr, finansiert slik:
 - a) Hafslo vassverk - reduksjon av løyving 0,4 mill kr.
 - b) Andre avløpstiltak - reduksjon av løyving 0,6 mill kr.
 - c) Bruk av ubunde investeringsfond 0,9 mill. kr.
4. Kommunestyret er innforstått med at budsjettendringane i pkt 2 over vil forsterke ubalansen i økonomiplanen. Kommunestyret ber ut frå dette formannskapet - som styringsgruppe for ny helse- og

omsorgsplan - leggje fram eit planutkast som gjev slike innsparingar i høve økonomiplanen: 2010: 2,0 mill kr, 2011: 6,0 mill kr og 2012: 8,0 mill kr. Kommunestyret vil seinare kome attende med ytterlegare tilpassingar for å balansere økonomiplanen.

5. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å overføre koordineringa av det kommunale rusarbeidet frå NAV Luster til helsesjefen.

Saksutgreiing:

Samandrag:

Rådmannen legg her fram sin rekneskapsrapport for årets 4 første månader (tertia 1). Rådmannen tilrår samtidig at det vert gjort visse budsjettendringar og at rekneskapsoverskotet for 2008 vert disponert. I tillegg meiner rådmannen det no bør fastsetjast ei økonomisk ramme for den nye helse- og omsorgsplanen, som vil bli framlagd om ikkje lenge. Ytterlegare tilpassingar som gjeld åra etter 2009 (økonomiplanen) må ein kome attende til.

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret.

Fakta og vurderingar:

FRIE INNTEKTER

Tal i 1000 kr	R 2009	B 2009	R 2008	R 2008
	pr 1.tertia	heile året	pr 1.tertia	heile året
Skatt på formue/inntekt	-44941	-120700	-41 860	-112200
Rammetilskot	-29524	-75300	-22 500	-65461
Eigedomsskatt	-26762	-53470	-27 123	-54000
Konsesjonsavgifter	0	-13807	0	-13322
Andre direkte tilskot	-3158	-3990	-2 073	-2990
Sum frie inntekter	-104386	267267	-93 555	-247 973

Det er pr 30.04 bokført frie inntekter på 104,3 mill kr. Tilsvarende tal i 2008 var 93,5 mill kr. Jf forslag til budsjettendringar frie inntekter innteke nedanfor.

FINANSUTGIFTER/INNTEKTER

Tal i 1000 kr	R 2009	B 2009	R 2008	R 2008
	pr 1.tertia	heile året	pr 1.tertia	heile året
Renteinntekter	-1603	-12960	-3547	-17783
Renteutgifter	5242	21420	881	11330
Avdrag	4332	15368	1312	11226
Netto finansutgifter	7971	23827	-1354	4773

Det er pr 30.04 bokført renteinntekter på 1,6 mill kr. Kapitaliseringa av renteinntektene gjer at noko av inntektene fyrst vil verta inntektsført seinare på året. Kommunen har ein stor del av midlane plassert i bank Dette gjev no ei avkasting på i underkant av 3 %. Avvik i renteutgifter og avdrag skuldast endringar i forfallstidspunkt. Når det gjeld nivå på renteutgifter/renteinntekter viser ein til budsjettendringforslag nedanfor.

Plasseringa i aksjefond har pr dato slik endring i høve til status pr 31.12.08 (mill kr):

Verdi 31.12.08	Verdi pr 5.05.09	Endring
26,8	28,7	+1,9

DRIFTA

Pr 30.4.09 er kommunen si drift på dei ulike tenestoområda slik:

Kroner	Rekneskap 30.04.2009	Budsjett 30.04.09	Budsjett 2 009	Forbruk i %
Folkevalde	1558790	1483795	3682700	
Administrasjon	9313142	11363053	29167700	31,9
Barnehage	-1348162	3272779	11906800	-11,3
Grunnskule	24335042	22302482	68827400	35,4
Helse	5533142	4948699	14251400	38,8
Sosial	4123111	752667	8650200	47,7
Pleie og omsorg	34386925	30684522	92990400	37,0
Tekniske tenester	2334919	4576062	12015600	19,4
Næring og naturforvaltning	492235	-2125137	-12139700	-4,1
Kultur	5528723	5591114	17944200	30,8
	86297801	82850036	247298709	34,9

Det store forbruket på sosial skuldast ein større forskotsutbetaling til Sogndal/barnevernet som gjeld meir enn dei 4 fyrste månadane. Normal lønsutbetaling etter 4 månader skal vere ca 36% (4 av 11 månader). For lønstunge tenester som ligg litt høgt i høve dette må ein vere obs på inntekter som sjukepengar og refusjonar ofte kjem litt på etterskot.

BUDSJETTENDRINGAR 2009/ØKONOMIPLAN 2010 - 2012

Skatt og rammetilskot

I budsjett 2009 vart lagt til grunn KS sin prognose for skatt og rammetilskot bygd på regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet og med utgangspunkt i folketal pr 1.01.08.

KS har i februar 2009 lagt fram ny modell der folketala er pr 1.01.09 og der den del av tiltakspakka som gjeld kompensasjon for skatt og auke i frie inntekter er lagt inn i prognosen. Ny prognose legg opp til at kommunen i 2009 vil få ei samla inntekt frå skatt og rammeoverføring på 195,2 mill kr, inkl den del av tiltakspakka som vart fordelt etter kostnadsnøkkelen. I budsjett 2009 ligg 196 mill kr. Dvs at kommunen må redusere skatt og rammetilskot med kr 800.000,-. Dette bør og vidareførast i resten av planperioden.

Tal i 1.000 kr	2009	2010	2011	2012
Skatt og rammetilskot	-800	-800	-800	-800

Andre generelle statstilskot - skjønnsmidlar barnehage

I budsjett 2009 er ikkje budsjettetert med forventa skjønnsmidlar barnehage. Skjønnsmidlane barnehage er ein del av barnehageforliket som vart inngått i Stortinget sommaren 2003. Skjønnsmidlane skal medverke til å sikre at forliket blir gjennomført utan konflikt mellom utbygging, innføring av maksimalpris og god kvalitet i barnehagane. Midlane er ikkje innarbeidd i budsjett 2009 då dei tidlegare har vore nytta til etablering av nye tiltak, inklusive byggekostnader. Pr 31.12.2008 har kommunen ei unytta løyving på 1,5

mill kr. Tildeling av skjønnsmidlar 1.termin 2009 er på 2,9 mill kr. Sjølv om delar av desse midlane må nyttast til ekstraordinære tiltak for å nå full barnehagedekning meiner rådmannen at det både i 2009 og 2010 kan nyttast 2 mill årleg til å redusere kommunen sitt utgiftsnivå på drift av barnehage. Frå 2011 vil øyremerka overføringar til barnehagane verta innarbeidd i ordinære rammeoverføringar. Frå då av bør vi redusere venta vinst skjønnsmessig til 1 mill kr årleg.

Tal i 1.000 kr	2009	2010	2011	2012
Skjønnsmidlar barnehage – auke	2000	2000	1000	1000

Med tilvising til ovannemnde meiner rådmannen det er grunn til å auke kommunen sine frie inntekter netto med 1,2 mill i 2009 og 2010 og 0,2 mill kr i 2011 og 2012.

Kommunen sin finansutgifter/finansinntekter

I budsjett 2009 ligg eit rentenivå på 6 % på kommunen sine lån og 5 % på kommunen sine plasseringar. Vidare i planperioden er forventa eit nivå på 5,5 % på lån og 4,5 % på innskot. Endringar i rentenivået i 2009 gjer at dette må revurderast. Kommunen sine lån har i dag ei rente på mellom 3 og 3,5 %. Det er og tilsvarande reduksjon i kommunen si innskotsrente.

Ut frå dette vil rådmannen tilrå at det vert lagt til grunn endringar i kommunen sine finansutgifter og -inntekter i 2009 som skissert under. Det er vanskeleg å vurdere korleis renteutviklinga vil verta i resten av planperioden. Styringsrenta i Noregs bank vart pr 26.3.2009 sett til 2 %.

Prognosen til Noregs Bank set styringsrenta slik:

- 1,25% 1. januar 2010
- 2,00% 1. januar 2011
- 3,25% 1. januar 2012
- 4,00% 1. januar 2013

Differanse mellom styringsrente og 3 månads nibor er pr dato ca 1 %. Dersom ein legg dette til grunn i perioden vil renta bygd på Noregs bank sin prognose verta slik:

- 2,25% 1. januar 2010
- 3,00% 1. januar 2011
- 4,25% 1. januar 2012
- 5,00% 1. januar 2013

Dette er lagt til grunn i prognosen nedanfor.

Tal i 1.000 kr	2009	2010	2011	2012
Renteutgifter	5600	9700	8600	4300
Renteinntekter	-3400	-6500	-5000	-2500
Netto innsparing	2200	3200	3600	1800

Kommunen si drift:

Barnehage

I budsjett 2009 ligg styrka barnehagetilbod budsjettert på eit nivå som kan reduserast med ca 1 årsverk frå hausten 2009. Dette som følge av at behovet går ned då nokre ressurskrevjande born går over til grunnskulen.

Reduksjon haust 2009 kr. 200.000.
På heilårsbasis vil denne reduksjonen vera kr. 450.000.

Grunnskule

Auka ressurs skuleåret 2008/2009

Etter at budsjettet vart vedteke er det vedteke auka ressurs til spesialpedagogiske tiltak med totalt:

Pedagog 35 timar pr veke, dvs 980 timar
Assistentressurs vårhalvåret 250 timar

Dette fordeler seg på fleire skular. Total auke i lønsutgiftene for vårhalvåret; ca kr. 700.000.

Auke i timetalsressurs haust 2009:

Viser til vedtak i k-sak i april 2009 - timetalsressursen for grunnskulen frå hausten 2009. Tilhøyrande kostnader:

			Haut 2009	Heile året
Pedagog	7,9 årsverk	Ressursbehov	1.9 mill kr	4,2 mill kr
Assistent	2,2 årsverk	Ressursbehov	0,36 mill kr	0,8 mill kr

Auka ressursbehov for 2009 vert altså på 2,26 mill kr og frå 2010 på 5,0 mill kr.

Skulefritidsordninga (SFO)

Søknadane til SFO frå hausten 2009 gjer at det vil verta behov for i overkant av 1 årsverk ekstra. I tillegg er administrasjonsressursen på SFO Hafslø og Gaupne auka til 20 %. På andre sida vil foreldrebetalinga som følge av fleire barn og auke i betalinga pr time (+ kr 2,50) gjere at delar av auken kan dekkast ved auka inntekter.

Netto behov for auka ressurs hausten 2009 er kr 150.000 og på årsbasis (2010) kr 330.000.

Helse

I k.sak 111/08 vart det vedteke tiltak for legestabilisering gjeldande frå 1.05.09. Meirkostnad gitt at 2/3 av utdanningsrettane vert uttekne er: 2009: 165.000 kr, 2010: 245.000 kr.

Pleie og omsorg

Inn på tunet

Det er inngått ein avtale om eit prosjekt innanfor pleie/omsorg. Dette har vore delfinansiert (50%) med statstilskot og gjeldande kontrakt går ut 1.09.09. Brutto kostnad: Kr 188.000,-/år. Rådmannen meiner prosjektet må vidareførast i kommunal regi. Den kommunale delen (kr 94.000,-). Resten bør dekkast innafør tenesta si ramme. Rådmannen vil ev kome attende til saka (tertial 2/09).

Omsorgsplassar Luster

I samband med at delar av Luster omsorgsenter er teke i bruk til omsorgsplassar er det behov for ei styrking av heimetenesta for å drifta desse plassane. Totalt er det behov for 1 årsverk utover dei tenester ein i dag har i heimetenesta. Den auka kostnaden vil verta dekkja ved auka husleigeinntekter og auka sal av mat. Rådmannen vil med tilvising til ovannemnde styrke heimetenesta i sone 2 med 1 årsverk. Endringa vil verta gjort ved administrativ fullmakt.

Rekrutteringstiltak sjukepleiarar

Som følge av stor mangel på sjukepleiarar er det i sone 1 (Hafslo) vedteke å setje i verk rekrutteringstiltak. Tiltaket gjeld over 2 år og vil føre til slike ekstra kostnader utover tariff:

		År 1	År 2	Sum
Flyttegodtgjersle	25.000 pr stilling * 3	75.000		75.000
Lønsauke utover tariff	46.300 pr stilling * 3	138.900	138.900	277.800
Sosiale utgifter	138.900 * 40 %	55.000	55.000	110.000
Sub. husleige	3.700 pr måned pr stilling *3*12	133.200	133.200	266.400
Sum tilleggs-kostnad		402.100	327.100	729.200

Tiltaket med unnatak av punkt 1 vil ha halvårsverknad i 2009.

Sone 2

Det er frå sone 2 (Luster) signalisert stort overforbruk på ekstrahjelp og overtid, og eit totalforbruk i sona er over periodisert budsjett.

Generelt:

Rådmannen legg opp til at pleie og omsorg totalt skal halde seg innanfor tildelt ramme. Dette kan få som konsekvens at tal plassar i institusjon må reduserast. Rådmannen vil ev kome attende til saka (tertial 2/09).

Rusarbeidet

Koordineringa av det kommunale rusarbeidet er - med grunnlag i vedtak i kommunestyret - lagt til NAV Luster. Rådmannen har i eigen årsrapport reist spørsmålet om arbeidsfeltet bør tilleggjast helsesjefen for å få til betre samordning i høve psykisk helse. I tilrådinga til vedtak er det lagt opp til at ei slik overføring skal kunne gjennomførast.

Teknisk

Nye forskrifter for vatn og avløp gjer at ein med vedtekne satsar kan auke budsjetterte inntekter for 2009 med ca kr. 500.000. Dette vil gje ein auke i dekningsgraden frå ca. 80 % til ca 90 %.

Næringsutvikling - sal av konsesjonskraft

I budsjett 2009 og vidare i planperioden er det føreset ein vinst på konsesjonskrafta på 19,8 mill kr;

Bruk til egne bygg mv	12,5 Gwh	0,0 mill kr.
Sal til næringslivskundar	12,0 Gwh	1,8 mill kr.
Sal i marknaden	63,4 Gwh	<u>18,0 mill kr.</u>
Sum		<u>19,8 mill kr.</u>

Budsjettert sal i marknaden føreset ei fortjeneste på 28,3 øre pr kwh. Dette var i samsvar med marknadsprisen då budsjettet vart utarbeidd hausten 2008 på ca 40 øre/kwh. Tilsvarende pris i dag er 32,5 øre/kwh. Dvs at det er budsjettert med ca 8 øre pr kwh for mykje for den del av krafta som vert seld i marknaden. Dette utgjer ein inntektssvikt på 5,0 mill kr. Nordpool sin pris for 2010-12 er noko høgare enn 2009, men det må både i 2010, 2011 og 2012 ventast lågare prisar enn i øk.planen.

Det vert lagt opp til slike nedjusteringar:

Tal i 1.000 kr			
2009	2010	2011	2012
-5.000	- 3.500	-3.000	-2.500

Premieavvik

Premieavviket er definert som differansen mellom innbetalt og bokført pensjonspremie. Dersom årets premieavvik er positivt, skal det inntekts- og balanseførast mot kortsiktige fordringar i rekneskapsåret og året etter dekkast. For 2008 hadde kommunen eit positivt premieavvik på kr. 7.150.600. Dette må dekkast i 2009.

Budsjettendringar - oppsummert

Med tilvising til ovannemnde vil rådmannen tilrå slike endringar i budsjett 2009 og synleggjere kva konsekvensar dette vil få vidare i planperioden.

Tal i 1.000 kr	2009	2010	2011	2012
Skatt og rammetilskot - red.	-800	-800	-800	-800
Skjønnsstilskot barnehage - auke	2000	2000	1000	1000
Frie inntekter - auke	1200	1200	200	200
Finansutg./innt. - auke	2200	3200	3600	1800
Sum auke i bto. driftsresultat	3400	4400	3800	2000
Endringar drift:				
Barnehage, reduksjon i sped.ped ressurs h-09	-200	-450	-450	-450
Grunnskule – auka ressurs vår 2009	700			
Grunnskule – auka timetalsressurs haust 2009	2260	5000	5000	5000
SFO – auka ressursbehov m.v.	150	330	330	330
Helse – tiltak legestabilisering	165	245	245	245
Teknisk – auke kommunale avgifter	-500	-500	-500	-500
Sal av konsesjonskraft - red	5000	3500	3000	2500
Premieavvik	7151			
Sum endringar drift	14726	8125	7625	7125
Underdekning	-11326	-3725	-3825	-5125

Inndekking 2009

Rådmannen ser det som svært vanskeleg å gå til generelle kutt i drifta i 2009 då ein allereie er komen 5 månader inn i driftsåret. Det bør likevel føretakast kutt i driftsutgiftene til grunnskulen for å dekke opp deler av veksten i timetalsressursen. Kostradata syner at Luster har ein driftskostnad pr elev (eks løn) som er ca. 250 kroner over landsnivået. Rådmannen finn med bakgrunn i dette å kunne redusere driftskostnadene pr

elev med kr 150,- frå 2009. Dette vil gje ein reduksjon i drifta på 1,0 mill kroner. Dette er allereie varsla einingane.

Kommunen har eit bufferfond for konsesjonskrafta på 4,5 mill kr. Rådmannen vil tilrå at 1 mill kr av dette vert nytta til dekking av forventa tapte inntekter på konsesjonskrafta i 2009. Grunnen til at rådmannen meiner at ein forholdsvis stor del av fondet bør stå er m.a ei uavklara sak med fylkeskommunen om nivået på almenforbruket i kommunen og svært usikre prognosar for forventa vinst i resten av planperioden.

Rekneskap 2008 - disponering av overskot

Det vert vist til eiga sak der rekneskap 2008 er gjort opp med eit driftsoverskot på kr 7.479.942 og eit overskot i investeringsrekneskapen på kr 398.721,-. Rådmannen vil tilrå at heile driftsdelen vert nytta til inndekning i 2009. Overskotet i investeringsrekneskapen bør nyttast til finansiering av investeringar i 2009, mot tilsvarende reduksjon i budsjettetert forbruk av lån.

Restsaldering

Forslag til inndekning i 2009 er totalt kr 9.480.000,-. Avvik i høve til inndekningsbehovet er 1,846 mill kr. Rådmannen ser det ikkje ynskjeleg, men finn likevel naudsynt å tilrå at dette vert teke av disposisjonsfondet.

Nærare om økonomiplanperioden 2000-12

Vedteken økonomiplan har ei manglande inndekning både i 2010, 2011 og 2012. Oversikten ovanfor syner at dette vil auke ytterlegare.

Underdekkinga vil med ovannemnde korrigerar verta slik:

Tal i 1.000 kr	2010	2011	2012
Underdekning i vedteken plan	-1353	-9553	-12940
Endringar skissert ovanfor	-3725	-3825	-5125
Sum underdekning	-5078	-13378	-18065

Rådmannen vil nedanfor peike på endringar som kan betre balansen.

Kommunen sine frie inntekter

Skatt og rammetilskot

Planen er lagt fram med ei framskriving av skattenivå og rammeoverføringar i samsvar med dagens rammer og regelverk. Ein realvekst i tildelte rammer frå staten vil kunne betre balansen.

Eigedomsskatt

Det er i økonomiplanen føresett eit inflasjonstap på 4 % årleg som følgje av at dei store kraftverka har nådd taket for skattlegging og at skatten såleis ikkje vil stige i takt med forventa prisutvikling. Ei endring av tak for eigedomsskatt ev ein mindre inflasjonsvekst vil kunne slå positivt ut.

Kommunen har høve til å innføre eigedomsskatt på andre eigedomar i kommunen. Ei skattlegging av alle eigedomar (som lovverket gjev høve til) vil kunne gje ei årleg inntekt på 5 - 10 mill kr.

Det er og grunn til å peike på at dei aktuelle utbyggingsprosjekta til Hydro i Fortun og Statkraft på Vestsida av Jostedalen og utbyggingane på Veitastrond vil kunne gje eigedomsskatteinntekter på opp mot 10 mill kr årleg. Desse anlegga vil fyrst gje eigedomsskatt når dei ev er ferdige. Dette vil såleis ikkje få verknad i neste økonomiplanperiode.

Finans

Det er i ovannemnde tabell justert for endra rentenivå. I økonomiplanen ligg kapitalutgifter på (netto) nye låneopptak på 50 mill kr (2010-12). Ein ev reduksjon i investeringane vil kunne gje innsparingar i rente og avdrag.

Kommunen si drift

Kostra (2008) syner slike kostnader pr innbyggjar /brukar i høve til andre:

Kroner	Luster	Gjennomsnitt kom.gruppe 03	Gj.snitt Sogn og Fj.	Gj.snitt alle kommuner
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	33 428	29 721	15 881	17 398
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbygger 6-15 år	105 227	100 190	87 884	80 119
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2 100	2 505	1 830	1 497
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	18 912	17 537	14 838	12 107
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	798	1 981	1 529	2 495
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	3 810	6 130	3 678	5 226
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	5 072	6 991	4 622	3 380

Gjer ei desse tala om til kroner totalt og samanliknar med kommunegruppe 3 og gjennomsnitt for fylket vårt, vil ein få slike avvik på dei ulike tenestene:

Tal i 1.000 kr	Forbruk over k.gruppe 3	Forbruk over fylkesnivået
Barnehager	1 342	6 352
Grunnskoleopplæring	3 390	11 672
Kommunehelsetjenesten	-1 972	1 315
Pleie- og omsorgtjenesten	6 696	19 840
Sosialtjenesten	-3 314	-2 048
Barneverntjenesten	-2 533	-144
Administrasjon og styring	-9 346	2 192
Total	-5 737	39 467

Oversikten syner at vi totalt har ei drift som er rimelegare enn kommunegruppe 3, men langt over fylkesgjennomsnittet.

Ei innsparing i drift vil - dersom ho skal ha noko vesentleg verknad - måtte gjennomførast innanfor grunnskule og pleie/omsorg. Desse står i sum for ca 70 % av kommunen si drift. Dette er område der ein stor del av utgiftene er løn.

Innanfor grunnskule syner eiga k-sak vedteken i april at kutt vanskeleg kan gjennomførast utan at det vert drøfta struktur. Ein mindre sum kan som vist her dekkast ved å redusere driftskostnadane.

Nedlegging av ein grendaskule vil kunne gje ei innsparing på knapt 3 mill kr dersom elevane kan gå rett inn i ein annan skule utan auke i timetalsressursen og at aktuell bygning vert nedlagt. Dersom all kutt i 2012 skal takast i kommunen si drift vil grunnskulen sin del (30%, ca 5,5 mill kr) tilsvare 2 mindre skular.

Innanfor pleie/omsorg vil ein få størst innsparing ved å kutte i tal sjukeheimplassar. Dette vil igjen føre til at ein større del av aktiviteten i heimetenesta må konsentrerast om brukarar med eit større omsorgsbehov og såleis føre til at brukarar med mindre behov må nedprioriterast. Dersom denne tenesta skal ta sin del (40%, ca 8 mill kr) av ubalansen i 2012 vil det tilsvare 12 sjukeheimplassar.

Dersom kommunestyret hald fast på investeringsnivå i gjeldande økonomiplan og dei prioriteringar som der, ligg meiner rådmannen ein ikkje kjem bort frå ein reduksjon i kommunen si drift.

Med bakgrunn i det arbeidet som no føregår i samband med **ny helse- og omsorgsplan** (jf temadag 7.05) meiner rådmannen at kommunestyret alt no må setje rammer for dette arbeidet. Rådmannen har lagt opp til dette i sitt vedtak. Det bør og vurderast om det skal setjast i gong arbeid for å vurdere endringar i **skulestrukturen**.

Ev andre endringar i drifta må i hovudsak skje gjennom reduksjon i tilsette og ev kutt i ulike tilskotsordningar. Ein reduksjon i stillingsressursen vil kunne gje ei innsparing på opp mot 0,5 mill kr pr årsverk.

Vidare må nivået på kommunen sine avgifter og betalingssatsar kunne vurderast.

Kommunen har pr dato frie fond som kan disponerast over ein kortare periode til å saldere drifta. Rådmannen vil frårå at økonomiplan og budsjettet vert saldert på denne måten.

Dato: 20.05.2009

Tore Eriksen
rådmann

Jan Kåre Norberg
økonomisjef

Særutskrift skal sendast:

m/kopi til: